Fræna kommune
Teknisk forvaltning

BYGGPARTNER STIG HAVNES
Brautvegen 12
6408 AUREOSEN

Deres ref:	Vår ref	Saksbehandler	Dato
	2018/1663-4	Andreas Andersen Rusten	22.06.2018

Oppfølging av søknad - GID 50/93 - Verkstadbygg

Vi viser til søknad av 20.01.2018, motteken 06.06.2018, om oppføring av verkstadbygg på gbnr. 50/93. Vi har følgjande tilbakemelding:

Skredvurdering
Eigedomen ligg i utkanten av eit område med automatisk generert skredfare. Ettersom reguleringsplanen er frå 1991, er det ikkje gjort skredvurderingar. Plansjefen vil i haust be om midlar til å gjennomføre ei skredfarekartlegging av reguleringsområdet på kommunens rekning. Dersom de ønsker å gjennomføre byggeprosjektet før kartlegginga har funne stad, må tiltakshavaren gjennomføre ei eiga skredvurdering på eiga rekning.

VA-vedtak
Verkstaden skal koplast til offentleg vass- og avlaupssystem. Eigedomen er ikkje utbygd frå før, og tilkoplinga treng løyve frå kommunen v/drift og anlegg. Vi ber dykk sjølv kontakte drift og anlegg v/Stian Hustad og søker om slikt løyve.

Situasjonsplan og teikningar
- Byggegrense

Byggegrensa langs køyrevegen ligg 7 meter frå eigedomsgrensa til gbnr. 50/93. Slik vi forstår situasjonsplanen, blir bygget plassert 4 meter frå eigedomsgrensa. Vi ber dykk tilpasse utbygginga slik at byggegrensa blir overholdt. Vi ber også om at den regulerte byggegrensa kjem tydeleg fram av situasjonskartet.

Dersom det er aktuelt å flytte bygget slik at det ligg nærare andre eigedomsgrenser enn 4 meter, må vi få oversendt nabosamtykke. Blir utforminga av tiltaket endra, må vi ha oversendt oppdaterte teikningar.

- Terrengprofilar

Terrengprofil 1 viser at det eksisterande terrenget mot sør blir fylt opp over eigedomsgrensa. Vi ber om at teikninga blir revidert. Vi gjer også merksam på at det truleg ligg ei veggrøft i området, og at terrengtilpassinga må avsluttast før den kjem i konflikt med grøfta.

- Ubebygd areal og framtidig utvikling

Etter reguleringsplanen §§ 1.1.3 skal den ubebygde delen av tomta opparbeidast så vidt mogleg parkmessig. Etter reguleringsplanen § 1.1.5 skal det i samband med levering av byggesøknad leverast situasjonsplan som viser korleis bygningar kan utvidast.

Vi ber om at situasjonsplanen viser korleis dei ubebygde områda blir opparbeidd, og at vi iallfall får oversendt ei skildring av mogleg framtidig utbygging. Vi gjer merksam på reguleringsplanen § 1.1.4 om at det ikkje må plantast slik at det blir til ulempe for den offentlege ferdsla.

Ansvarsrettar og gjennomføringsplan

- Tømrerarbeid

Vi har fått oversendt ansvarserklæring frå Løvaas Bygg AS for UTF tømrerarbeid. Ansvarsområdet går ikkje fram av gjennomføringsplanen.

Dersom tiltaket skal dekkast med ansvar for tømrerarbeid, må også PRO tømrerarbeid dekkast.

- Utvendig VA

Vi kan ikkje sjå at ansvarsområda PRO og UTF utvendig VA er dekt med ansvar.

- Betongarbeid

Vi kan ikkje sjå at ansvarsområdet PRO betongarbeid er dekt med ansvar.

Vi gjer elles merksam om at sjølv om Buset AS har utarbeidd situasjonsplanen, ligg ansvarsområdet til PRO arkitektur.

Tilsyn med føretak

Skjelbostad Sveis AS har delvis sentral godkjenning for sitt ansvarsområde. Vi ber om å få oversendt dokumentasjon på utdanningsnivå og arbeidserfaring som viser at krava i SAK10 kapittel 11 er oppfylte.

Vi ber om tilbakemelding innan 13.07.2018.

Med vennlig hilsen

Andreas Andersen Rusten
Jurist/rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ingen håndskrevet signatur.